




Bømlo kommune
Driftige folk i vakker natur!



Grafisk profilhandbok for

Bømlo kommune



Forord

Bømlo kommune ønskjer å møta menneske som kjem i kontakt med oss på ein lett attkjenneleg måte, med det same uttrykket kvar gong uavhengig av kva medium som ber fram vår bodskap.

Me ser vår grafiske profil som ein viktig del av kommunen sin identitet, og han er i stor grad bygd på dei verdiar me set høgt og det syn me har på oss sjølve.

Me ynskjer gjennom ein klårt definert, grafisk profil å byggja truverde og forståing for innhaldet i vår kommunikasjon. Og gjennom heile vårt visuelle uttrykk ynskjer me å visa at kommunen er ein solid tenesteytar og viktig samfunnsaktør. Den grafiske profilen blir slik eit viktig ledd i omdømebygginga vår.

Den grafiske profilen skal og verka til at me som er tilsette i Bømlo kommune føler at me er ein del av den same verksemda.

For at Bømlo kommune skal framstå heilskapleg og truverdig er det avgjerande at alle einingar og verksemder nyttar den grafiske profilen. Han er presentert i denne handboka og me gir døme på profilen i ulike samanhengar.

Ei profilhandbok kan ikkje dekka all framtidig bruk av ein grafisk profil. Dersom du treng råd om korleis innhaldet i denne boka skal praktiserast kan du ta kontakt med informasjonsavdelinga i kommunen.

Svartland november 2015

Rådmannen


Bømlo kommune

Kommunevåpenet



Bømlo kommune sitt kommunevåpen skal vera eit sølv sjøblad på raud botn. "Sjøblad" er det same bladet som på vasslilja, ei plante som det finst mykje av i skogvatn og tjørn på Bømlo.

Kommunevåpenet har vidare eit sekundært motiv, nemleg trekløveren som kjem fram gjennom ei spesiell utforming av sjøbladet. Dette skal symbolisera dei tre kommunane Bremnes, Bømlo og Moster som frå 01.01.63 utgjer Bømlo kommune.



Til deg

som er tilsett i Bømlo kommune, eller som på vegne av kommunen skal nyitta vår grafiske drakt. Dette heftet gir deg vegleie om korleis vår visuelle profil skal vera, og alt nytt som vert laga skal ein prøva å gi ei form som byggjer på denne profilen.





Frå Bømlo Sjukeheim | Foto: Magne Raknes

Innhald

Forord	side 2
Om grafisk profil	side 2
Kommunevåpenet	side 2
Innhald	side 3
Våpen flagg	side 4
Logo namnetrekk	side 4
Logovariantar slagord	side 5
Typografi Stil og tone	side 6
Foto og fotobruk	side 7
Grafiske element og fargebruk	side 8
Postale trykksaker	side 9 -10
Worddokument - Rapportar&Brevmal	side 11
digital presentasjon (powerpoint)	side 12
Annonser	side 13
Nettsider/sosiale medier	side 14
Anna materiell	
- kle-merking	side 15
- Koppar/fat	side 15
- Skilt	side 16

Kvar finn eg det?

Dei ulike grunnlagsfiler og malar får du ved å venda deg til informasjonssjefen i kommunen. Han vil også kunne vegleia og utdjupa det som er skrive i denne handboka.

Bømlo kommune

Rådhuset | Leirdalen 1 | 5430 Bremnes
www.bomlo.kommune.no
Telefon: 53 42 30 00



Hovud bruk er 1-linjevarianten:



Børnlo kommune

Rød: PMS 032
CMYK: 0/91/87/0

Grå: 20% svart
CMYK: 0/0/0/20

Ved bruk i svart/kvitt trykk (t.d. annonser) blir den røde fargen i våpenet svart:



Børnlo kommune

Ved bruk negativt på svart/mørk botn skal våpen/namnetrekk framstå kvitt mot bakgrunnen:



Børnlo kommune



Børnlo kommune →



→



I namnetrekket "Børnlo kommune" er ø-en endra i høve til opprinneleg skriftype. Det skal alltid nyttast slik saman med kommunevåpenet. Det er også utvikla eit genuint "Børnlo-merke" med denne skrivemåten (omtalt seinare i handboka).

Våpen | flagg

Børnlo kommune sitt våpen er godkjent av kongen i statsråd etter slikt vedtak i Børnlo kommunestyre 13. desember 1979:

«I det teiknaren Magnus Hardeland sitt framlegg vert godkjent, vert fastsett at

1. Børnlo kommune sitt våpen skal vera eit sølv sjøblad på raud botn.
2. Børnlo kommune sitt flagg skal vera eit kvitt sjøblad på raud botn.»

Våpen



Flagg



Logo | namnetrekk

Børnlo kommune

Me nyttar omgrepet «logo» når våpenet blir nyttta saman med det spesielt utforma namnetrekket, sjå forklaring til venstre. Våpenet skal berre nyttast med denne forma på namnetrekket. Berre i heilt spesielle tilfelle skal det kunna nyttast åleine, og kommuneflagget er einaste stad der ein kan nytte sjøbladmotivet utan skjoldformा.

Sjøbladmotivet skal ikkje nyttast som grafisk element eller endrast for dekorativ bruk.



Brevark-versjonen av 1-linjevarianten der våpenet er auka i storleik i forhold til namnetrekket:



Bømlo kommune

Logo | slagord

Bømlo nyttar slagordet «Driftige folk i vakker natur». I grafisk samanheng alltid i same skriftype; Caflisch Script Pro i blått (C100 | M90 | Y10 | K0). Slagordet ligg som vektorgrafikk (fontuavhengig) i originalarkivet og ein skal fortrinnsvis nyta den originalen for å sikre rett farge og form:

Driftige folk i vakker natur!

Ved tilpassing til høgare format kan 2- eller 3-linjevarianten nyttast:



Slagordet peikar på entreprenørskapsånda som har prega øya vår i uminnelege tider og korleis bømlingen har bygd næring og samfunn på dei ressursane ein finn i naturen som omgir oss.

Kommunen sitt slagord skal skrivast i font Caflisch Script Pro i blått (C100 | M90 | Y10 | K0):

Driftige folk i vakker natur!

| Skrift

Driftige folk i vakker natur!

| Outlines (grafikk) i kvitt (t.d. mot mørke bildebakgrunnar)

Samanstilling med kommunen sitt slagord:





Typografi

Neo Sans er profilskrifta som skal nyttast i trykksaker, skilting og i andre samanhengar der det er praktisk gjennomførbart.

Neo Sans regular | Neo Sans 10pt | Neo Sans 12 pt | **Neo Sans 14 pt**

| ABCDEFGHIJKLMNOP abcdefghijk 1234567890

Neo Sans Light: | Neo Sans 10pt | Neo Sans 12 pt | Neo Sans 14 pt

| ABCDEFGHIJKLMNOP abcdefghijk 1234567890

Neo Sans Bold: | **Neo Sans 10pt | Neo Sans 12 pt | Neo Sans 14 pt**

| **ABCDEFGHIJKLMN abcdefghijk 1234567890**

Til internt bruk, t.d. i word, powerpoint, excel og elles der det ikkje er gjennomførbart å nytta profilskrifta kan ein nytte Calibri:

Calibri: | Calibri 10pt | Calibri 12 pt | **Calibri 14 pt**

| ABCDEFGHIJKLMNOP abcdefghijk 1234567890

Calibri light: | Calibri 10pt | Calibri 12 pt | Calibri 14 pt

| ABCDEFGHIJKLMNOP abcdefghijk 1234567890

Calibri Bold: | **Calibri 10pt | Calibri 12 pt | Calibri 14 pt**

| **ABCDEFGHIJKLMN abcdefghijk 1234567890**

Cafisch Script Pro


Stil og tone

Bømlo kommune nyttar skriftypen Neo Sans i dei samanhengar det er mogleg. Skrifta er moderne og gir eit signal om ein organisasjon som er ryddig, up-to-date og effektiv. Denne skriftypen er også grunnlaget for kommunen sitt namnetrekk, der berre ø-en er modifisert.

I ein organisasjon med opp mot tusen tilsette er det vanskeleg å gjennomføra bruk av ein skriftyppe som ikkje er standard systemskrift til kontorarbeid og presentasjoner. Difor nyttar ein Calibri der ein ikkje kan nytta Neo Sans.

For å mjuka opp og skapa litt kontrast er kommunen sitt slagord lagt i ein mjuk skriftyppe, Cafisch Script Pro. Men for å få dette likt i alle samanhengar er det laga ei fontuavhengig, grafisk fil som er skalerbar. Difor skal det ikkje vera naudsynt å ha denne skrifta tilgjengeleg.





Fotobruk

Reglane for fotobruk skal ta omsyn til både personvern, lokka lesarar og gi bedre søkeoptimalisering.

- **Bildetekst:** Merk alle biletene med bilettekstar. (Minimum kven som eig opphavsretten.)
- **Kven?:** Det er vanleg skikk og bruk å skrive kva personane på biletet heiter og kvar dei kjem frå organisatorisk. Når det gjeld barn, må ein i digitale media ikkje ha oppgitt namn på barnet saman med biletet. Er biletet ein illustrasjon på eit tema eller situasjon (t.d ein behand-lingssituasjon), skriv me ein forklarande bilettekst om temaet + «illustrasjonsfoto» i parentes. Temabilete på ei nettside eller plakat (stort bilde øvst på siden som illustrerer heile siden) treng ikkje bildetekst.
- **Copyright:** Bilete som skal brukast i publikasjonar eller på nett må merkast med copyright (opphavsrett/kven som eig biletet), til dømes: «Foto: Bømlo kommune». Dette kan du skrive på slutten av biletteksten - eller ein annan stad i hovudteksten eller i dokumentet/brosjyren/nettsida.
- **Nedlasting frå nett:** IKKJE last ned bilete frå nett utan du er viss på at dei er gratis – og ikkje gløym fotokreditering. Dette gjeld til bruk i publikasjonar, presentasjonar og nettsider.
- **Ikkje gi bort:** IKKJE vidareformidla biletene i Bømlo kommune sin bilde-base til media eller til eksterne aktørar utan godkjenning frå kommunikasjonsrådgjevar.
- **Samtykkeerklæring:** Vil du ta nye biletene av elevar/brukarar/pasientar, skal du klarera biletene på førehand med ein formell samtykke-erklæring frå avbilda person. Dette er ditt ansvar som kommunetilsett - uansett om du tar biletene sjølv eller leiger inn ein fotograf.
- **Leiarpottrett:** Bruk ikkje leiarpottretta, eller andre formelle portretter av tilsette og deira nære familiemedlemmer som illustrasjonsfoto digitalt og i publikasjonar. Kontakt kommunikasjonsrådgjevar i tvilstfeller.

NB: Korleis nytta biletene og illustrasjonane generert av kunstig intelligens er regulert i Rettleiar for bruk av kunstig intelligens (KI) i Bømlo kommune


Foto

Bømlo kommune tilbyr eit mangfold av tenester til ulike brukargrupper og har mange dyktige tilsette. Bileta skal representere tenestetilbod, arbeidslivet og kommunen Bømlo på ein best mogleg måte. Bileta skal også reflektere mangfold med tanke på kjønn, alder og etnisitet. Bileta skal vere naturlege og truverdige, og det skal nyttast biletene der menneske er i sentrum.

Bømlo kommune ynskjer at biletene skal understøtte avsendar, vere tydeleg og gi truverde til bodskapen. Bileta skal være nære og naturlege, og gjenspegle verkelegheita på ein ekte og truverdig måte. Stilen skal vere moderne og ujålete. Bileta må gjerne «gi gåsehud». Om det vert brukt fleire biletene bør desse fortelje ein historie og ha ei form for innbyrdes kontrast - til dømes nærleik/distanse, ro/rørsle - for å understreka kjensla og bodskapen.



Frå Bømloskulen | Foto: Olav Bjørkum



Grafiske element


For å understreka vår driftige haldning har me nyttet eit visuelt tilleggselement, «Driftig-stripene». Dei kan nyttast i grått (60% svart) på kvit botn nederst i høgre hjørne (utfallande) eller i kvitt, transparent når dei vert lagt i bildehjørner. På nettsidene ligg dei i svak grått på kvit botn på sidene.





Fargebruk

Logofargane er så kraftige at ein bør vera tilbakehalden med å nyttar dei på større flater. På større flater kan ein tone ned med å nytte 20-30% grått, medan tekst/overskrifter kan vera 60%.

Logofarge rød:



Logofarge Sølv / grå:



Føl deg vel, kom og
opplev Bømlo!

Titlar i samband med forsider og brosjyrar kan ein leggja i kvit tekst i eit farga felt slik det er gjort på turistbrosjyren vår.

Postale trykksaker

Dei ulike postale trykksakene skal ha eit reint og ryddig preg.

Visittkort:


E6/5 konvolutt:



Stil og tone

Dei postale trykksakene skal ha korrekt adresse og elles den informasjonen som krevst i kvart tilfelle.

På visittkort og konvoluttar nyttar ein ein-linjevarianten av logoen. Ved bestilling av visittkort skal trykkeriet som har avtale med kommunen ha oppdatert original slik at alle kort har same oppsett. Visittkorta skal vera trykt på eine sida.



Fra Åreidalen | Foto: Magne Raknes



Postale trykksaker

Dei ulike postale trykksakene skal ha eit reint og ryddig preg.

C5 konvolutt:



C4 konvoluttar kan nyttast stående med vindauga og liggande med og utan vindauga. I begge tilfelle skal logo og adresse plasserast med lik avstand til venstre side og topp.

C4 stående konvolutt:





Rapportar

Som gjenkjennende element på rapport- og planforsider kan ein nytta kommunen si innarbeidde «topplinje» der våpen/namnetrekk («logo»), slagord og fire profilbilder står saman.



Brevmal

Ein nyttar malane som ligg inne i saks/arkivsystema, tilhøyrande den del av organisasjonen ein hører til.



Vår saksbehandler:

Namn
Gateadresse
XXXX Stad

Direkte telefonnr.:

Vår dato:
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Saka gjeld

Aliquam vel arcu at sapien interdum convallis nec sit amet neque. Duis augue porta et. Sed gravida lectus non enim vehicula, mollis pharetra. Phasellus vitae dapibus justus. In hac habitasse platea dictumst. Nulla facilisi. Ut euismod, nisl id tincidunt, nunc nisi tellus sed lacus. Curabitur scelerisque nisl lectus, non congue urna pellentesque fringilla. Vivamus ut ligula. Donec ultrices ligula felis, eget tincidunt tellus sodales eget. Aenean hendrerit massa feugiat, interdum lacus eu, hendrerit ipsum. Integer fringilla, ex nec interdum vehicula, turpis felis dictum est, et maximus nisi tellus sed lacus. Curabitur scelerisque nisl lectus, non congue urna pellentesque fringilla. Viverra feugiat fermentum. Suspendisse potenti. Donec ultrices ligula felis, eget tincidunt tellus sodales eget. Proin viverra feugiat fermentum. Suspendisse potenti. Donec ultrices ligula felis, eget tincidunt tellus sodales eget. Aenean hendrerit massa feugiat, interdum lacus eu, hendrerit ipsum. Integer fringilla, ex nec interdum vehicula, turpis felis dictum est, et maximus nisi tellus sed lacus. Curabitur scelerisque nisl lectus, non congue urna pellentesque fringilla.



Digital presentasjon (ppt)

I presentasjonar med skjerm/prosjektorframsyning bør ein i minst mogleg grad ha tekstu på skjermen. Heller brukte gode, illustrerande/profilerande bilete som visuelle forsterkarar til det ein seier. Når ein likevel må ha tekstu bør det vera avgrensa mengd, ryddig sett opp og helst noko anna enn det ein seier (t.d. oppsummering i punkt det ein seier). Under er vist døme på framside og ulike undersider med heile bilettoppslag og tekstu.

1

Bømlo kommune

Velkommen til Bømlo !

Musikalen «Miss Saigon» i Moster Amfi 2008

Opplærings- og helseutvalet i Hordaland fylke
Ordførar Odd Harald Hovland 14.11.2012

Driftige folk i vakker natur!

Donec lobortis

Donec lobortis risus justo, eget fermentum
orci luctus ac

- In laoreet odio eu nunc tempus, eu
consectetur libero gravida.
- Mauris condimentum est at interdum
fermentum.
- Phasellus id pulvinar lorem.

Duis scelerisque libero vel dui placerat auctor

- Aenean placerat sem at sem condimentum
viverra.
- Cras varius nibh eu libero luctus, in
malesuada lectus scelerisque.

opplev Bømlo!

Driftige folk i vakker natur!

Heile biletet

Det kan ligga ein særleg effekt om ein har gode biletet og vel å syna dei over heile skjermen. I nokre deler av ein presentasjon kan vera effektfullt. Då kan ein t.d. nyttar nokre få grafiske element, t.d. «Made-in-Bømlo» som er vignetten som symboliserer samfunnshjulet vårt.





Bømlonatur | Foto: Magne Raknes

Annonser

Stillingsannonserne følgjer oppsettet under. Må tilpassast behov og kostnad.

Kommunen søker

Vil du vera med å prega samfunnsutviklinga i vår kommune?

I Bømlo er det ledig spennande stilling som

Samfunns- | kommuneplanleggjar



Foto: Olav Bjørkum

Arbeidsfeltet er oppgåver knytta til overordna planlegging i Bømlo kommune. Først og fremst gjennom kommunepalanen og kommunepalanen sin samfunnsdel. Ei viktig utfordring vert å få knytt alle kommunale planar saman i eit rasjonelt planhierarki med kommunepalanen som det overordna planstrygingsdokument. Den organisatoriske plasseringa av stillinga er under vurdering, men er for tida plassert i avdeling for areal bruk, leia av teknisk sjef.

Kvalifikasjoner:

- Universitets- eller høgskuleutdanning innan samfunnspolitikk og arealplanlegging
- Praksis frå offentleg- eller privat planleggingsverksem
- God datakunnskap om digital planframstilling
- God munnleg - og skriftleg framstillingsevne
- Har god kommunikasjons- og prosessleidende evne
- God samarbeidsevne
- God kjennskap til plan og bygningslova

Utfyllande informasjon og elektronisk søknadseskema, finn du på www.bomlo.kommune.no

Søknadsfrist 15.01.2012

Rådhuset, 5430 Bremnes
Telefon: 53 42 30 00
postmottak@bomlo.kommune.no
www.bomlo.kommune.no

Me kan tilby:

- Gode lønnsvilkår for den rette søker
- Fleksibel arbeidstid og gode pensjonsvilkår
- Eit godt arbeidsmiljø
- Høve til å bygge opp solid kompetanse innan arealplanlegging og samfunnsutvikling
- Høve til å vere med å bygge opp kommunen si planavdeling

Du er hjartelag velkommen til å kontakta rådmann Sverre Olav Svarstad på telefon 906 60 466 eller teknisk sjef Toralf Meling på tlf 900 18 560 der som du ønsker meir informasjon om stillinga.



Kommunen søker


100% IKT-medarbeidar

Curabitur id gravida tortor. Nunc ac pellentesque massa. Pellentesque venenatis scelerisque nibh nec congue. Nulla non ante odio. Ut gravida sapien eu sem scelerisque non hendrerit nunc gravida. Bjørn Håvard Bjørklund, tlf. 53 42 30 66.

Søk før 14. mai på: www.bomlo.kommune.no



Rådhuset, 5430 Bremnes
Telefon: 53 42 30 00
postmottak@bomlo.kommune.no
www.bomlo.kommune.no



Nettsidene

Nettsidene til kommunen følger den grafiske profilen så langt det er mogleg. Dei skal sjå ryddige og moderne ut, med gode bilde og attraktivt design.

The screenshot shows the Bømlo kommune website. The top navigation bar includes links for 'Om oss', 'Lokaldemokrati', 'Tenester', 'Kunngjeringar', 'Bemlobygden', and 'Kontakt oss'. A search bar and social media links are also present. The main banner features a sunset over a fjord. Below the banner, a sub-menu for 'Tenester' lists services like 'Helse og omsorg', 'Buss og egenbobil', 'Brann og bereidkaps', and 'Vilten/Fritidsutleie'. A 'Sjøvhjelp' section provides information on emergency numbers and services. The 'Tenester' page itself has a large image of a smiling woman, a sub-menu for 'Helse og omsorg', and a sidebar for 'Kontaktpersonar'.

Sosiale medier

I den grad det er mogleg skal ein også på sosiale medier prøva å få med den grafiske profilen.

The image displays three screenshots of Bærum kommune's official social media profiles:

- Facebook:** Shows a banner for "Bærum kommune er på Facebook" and a post from the page itself.
- Twitter:** Shows a tweet from the official account (@Bærum_kommune) featuring a photo of three men in suits.
- LinkedIn:** Shows a post from the LinkedIn page encouraging users to stay updated with Bærum kommune.



Anna materiell

Det er laga eigen profilguide for grafisk profil for arbeidsklede.

The image shows a worker wearing a bright yellow-green high-visibility vest. The vest features the Bømlo kommune logo (a red shield with three white stars) and the text "Bømlo kommune" in large letters, followed by "Driftige folk i vakker natur!" in smaller blue text. Below this is a red banner with the text "Kleprofil Bømlo kommune". Below the main image is a graphic titled "Grafisk profil arbeidsklede" which includes five smaller images of workers in various uniforms (high-visibility vests, jackets, etc.) and a detailed description of the design guidelines for the logo on work clothes.

Bømlo kommune
Driftige folk & vakker natur!

Kleprofil Bømlo kommune

Grafisk profil arbeidsklede

Våpen/namnetrekk skal plasseres på godt synlig sted på kleda, der det er naturlege steder. I små storlekar skal 3-linjers-varianten nyttast. På rygg skal 1-linjers våpen/namnetrekk nyttast, sammen med slagord. Avdeling saman med stripene blir sett lengre nede på antrekket.

Teknisk drift

Bømlo kommune
Driftige folk & vakker natur!

På andre holgrunnar enn kvitt skal det myrrast kvitt omramme rundt våpen og namnetrekk. Slagord skal på lyse fargar vera i blitt, på mørke fargar vera i kvitt.

Bømlo kommune | Grafisk profilhandbok 15

Koppar og fat

Ein skal i alle deler av kommunen nytt ein profil på koppar og fat.





Skilt på bygg

Kommunevåpen og fasadebokstavar med logoskrift på Bømlo rådhus.

Ved namn på bygga til kommunen nyttar ein fasadebokstavar i skriftype Neo Sans regular i rett forhold saman med kommunevåpenet. Der namnet inneheld «Bømlo» nyttar ein det spesielle namnetrekket som ligg i kommunelogoen.



Dørskilt

Inne nyttar ein Vista-system aluminiumsskilt med plast slik at ein kan printa ut namn/tittel og ev romnummer på vanleg laserskrivar ved endringar.



Fasadeskilt

Logo og avdeling på kvite skilt som er avrunda i hjørna.



Bømlo kommune | Teknisk drift